



Arkiv: FE-240, TI-&14
JournalpostID: 24/15277
Saksbehandlar: Ole Starheim
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Stad kontrollutval	
24/019	Stad eldreråd	22.04.2024
24/019	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	22.04.2024
24/020	Stad ungdomsråd	22.04.2024
24/021	Planutval	23.04.2024
24/032	Samfunnsutval	24.04.2024
24/017	Tenesteutval	24.04.2024
24/006	Finansutvalet	25.04.2024
24/047	Stad formannskap	25.04.2024
24/052	Stad kommunestyre	02.05.2024

Stad kommune - årsrapport 2023

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kapittel 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i kommunelova kapittel 14.

Kommunelova § 14-7 stiller krav til innhald i kommunane si «årsberetning». Dette inngår som ein del av kommunen sin årsrapport.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 25.04.2024

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

22.04.2024 Melding om vedtak Kommunerekneskap med årsrapport - 1665067

Stad eldreråd 22.04.2024:

Handsaming:

SER- 24/019 Vedtak:

Stad eldreråd rår til at kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre. Med følgjande tillegg:

Årsrapporten for Stad kommune tegnar eit nøkternt bilde av situasjonen innanfor eldreomsorga i kommunen, og er ærleg over for dei utfordringane som kjem i åra framover.

Stad eldreråd registrerar at grunnen til at ein for 2023 har halde budsjetttrammene, er at ein i stor grad har nytta ukvalifisert arbeidskraft i staden for fagutdanna personell.

Dette meiner Eldrerådet er svært bekymringsfullt. Med det samansette sjukdomsbilde som mange har i tenestene trengs det gode fagfolk.

Stad eldreråd oppfordrar på det sterkaste politikarane til å prioritere dei sjuke og eldre i Stad kommune.

Skal vi i Stad kommune klare å rekruttere dei fagfolka vi treng til helse og omsorg, må det kome fram sterkara politiske prioriteringar til denne sektoren. Helsepersonell går inn i tenestene for å gjere ein god jobb for eldre og sjuke, men då må politikarane prioritere slik at dei vert verande i tenestene. Stad eldreråd har fått presentert prognosane for eldre og pleietrengande for kommunen fram til 2040. Dette har også politikarane fått presentert, og skal vere godt kjende med. Då forventar Stad eldreråd at politikarane tek ansvar for dette, og syter for nødvendige prioriteringar.

Stad ungdomsråd 22.04.2024:

Handsaming:

SUR- 24/020 Vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.04.2024:

Handsaming:

SRN- 24/019 Vedtak:

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne rår til at kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Planutval 23.04.2024:

Handsaming:

Endringsframlegg frå planutvalet:

Årsrapporten 2023 vert tatt til vitande.

Det vart røysta over planutvalet sitt framlegg som vart samrøystes vedtatt.

PLUV- 24/021 Vedtak:

Årsrapporten 2023 vert tatt til vitande.

Samfunnsutval 24.04.2024:**Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF- 24/032 Vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Tenesteutval 24.04.2024:**Handsaming:****TEUV- 24/017 Vedtak:**

Årsrapporten 2023 vert teken til vitande.

Stad formannskap 25.04.2024:**Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F- 24/047 Vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Finansutvalet 25.04.2024:**Handsaming:****FSU- 24/006 Vedtak:**

Saka vert teken til vitande.

Stad kommunestyre 02.05.2024:

Handsaming:

Det vart røysta over innstillinga frå formannskapet som vart samrøystes vedteke.

KS- 24/052 Vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2023 for Stad kommune slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Årsrapport 2023 for Stad kommune er berre presentert elektronisk gjennom denne lenka:

[Årsrapport 2023 for Stad kommune](#)

NB! Denne lenka vil ikkje fungere i Internett Explorer (denne er utfasa). Dersom den ikkje opnar seg ved å klikke på lenka, må den kopierast inn i ei nyopna nettside, t.d. Google Chrome eller Microsoft Edge.

Legg merke til menyen oppe i høgre hjørne inne i det elektroniske dokumentet som ser slik ut:

Meny 

Ved å klikke på denne får ein sjå heile innhaldslista for det elektroniske dokumentet. Sjå også spesielt øvst i innhaldslista: «*Slik les du rapporten*».